

Kvartalsrapport for

2. kvartal 2018



Valle Sparebank

Delårsrapport 2. kvartal 2018

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapsrapporten for 2017. Delårsrekneskapsrapporten er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.18 er forvaltningskapitalen på 1.632,0 mill. kroner. Dette er ein auke på 71,3 mill. kroner, eller 4,6 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.18 på 1.369,5 mill. kroner, som er ein vekst på 42,1 mill. kroner, eller 3,2 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 27 mill. kroner eller 2 % i forhold til 01.01.18. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 635,7 mill. kroner, ein auke på 94,8 mill. siste 12 månadar. Total utlånending (eigen balanse og EBK) er 7,3 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.06.18 på 1.200,5 mill. kroner, som er ein auke på 82,4 mill. kroner, eller 7,4 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekkjer 87,7 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarende forholdstall 84,2 %. Det har vore ein auke i innskot på 38,6 mill. kroner eller 3,3 % sidan 01.01.18.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 9,2 mill. kroner, mot eit overskot på 3 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 7,3 mill. kroner, mot eit overskot på 2,8 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 13,8 mill. kroner, som er 0,4 mill. kroner lågare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,72 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,88 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 6,1 mill. kroner, som er ein auke på 0,9 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 12,3 mill. kroner mot 13,1 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 9,1 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 9,5 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ei inntektsføring på 1,66 mill. kroner, mot ein kostnad på 3,24 mill. kroner til same tid i fjor. Inntektsføringa skuldast reversering av delar av tidlegare nedskrivne engasjement.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 172,7 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2018. Dette gir ei kapitaldekning på 21,61 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert med Eika Gruppen og Eika Boligkreditt er kapitaldekninga 19,88%.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utlån til personmarknaden utgjer 1212,5 mill. kr (1173,2 på same tidspunkt i fjor) eller 88,5 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjer 157 mill. kr (154,1 på same tidspunkt i fjor) eller 11,5 % av samla utlån i eigen balanse. LCR pr 30.6.18 er 150.

I 2017 hadde banken høge eingongskostnader knytt til oppfølging av problemengasjement, noko som påverkar den relativt store kostnadsreduksjonen.

Utsikter for resten av året

Rentemarginen har minka i høve til på same tid i fjor på grunn av konkurransesituasjonen og høgare likviditetsreserve. Styret forventar at rentemarginen vil auke marginalt ut året. Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsauken har så langt i år vore noko lågare enn budsjettert, men kundeveksten har vore god. Styret forventar framleis hard kamp om kundane framover, men er svært nøgde med at satsinga med bemanna rådgjevarkontor to dagar i veka i Vennesla har vore så vellukka. Styret forventar høgare utlånsvekst ut året.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.

Vale, 15.august 2018

Jostein Rysstad
(styreleiar)

Olav K. Mosdøl
(nestleiar)

Anne Gjerden

Geir Olav Uppstad

Gro Haatveit

Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i hele tusen

30.06.17	31.12.17	30.06.18		30.06.18	31.12.17	30.06.17
2,85 %	2,85 %	2,72 %	Renteinntekter og liknande inntekter	21.805	43.837	21.457
0,97 %	0,96 %	1,00 %	Rentekostnader og liknande kostnader	8.015	14.834	7.275
1,88 %	1,88 %	1,72 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	13.790	29.003	14.182
0,28 %	0,14 %	0,24 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.943	2.186	2.131
0,47 %	0,54 %	0,58 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	4.647	8.316	3.566
0,11 %	0,11 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	856	1.687	802
0,03 %	0,02 %	0,03 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	233	337	240
0,01 %	0,01 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	104	208	84
0,69 %	0,61 %	0,76 %	Sum andre driftsinntekter	6.071	9.360	5.219
1,26 %	1,26 %	1,13 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	9.078	19.357	9.505
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	249	498	226
0,45 %	0,45 %	0,37 %	Andre driftskostnader	2.952	6.930	3.411
1,74 %	1,74 %	1,53 %	Sum andre driftskostnader	12.279	26.785	13.142
0,83 %	0,75 %	0,95 %	Driftsresultat før tap	7.582	11.578	6.259
-0,43 %	-0,40 %	0,21 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	1.657	-6.097	-3.242
0,00 %	0,23 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	0	3.579	0
0,40 %	0,59 %	1,15 %	Resultat av ordinær drift før skatt	9.239	9.060	3.017
0,03 %	0,08 %	0,24 %	Skatt på ordinært resultat	1.950	1.195	222
0,37 %	0,51 %	0,91 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	7.289	7.865	2.795

Balanse

Egedelar

Beløp i hele tusen

	30.06.18	31.12.17	30.06.17
Kontantar og fordringar på sentralbankar	26.057	24.768	25.722
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	55.366	70.808	7.715
Utlån til og fordringar på kundar	1.369.505	1.342.468	1.327.364
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-6.130	-7.774	-4.941
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.360.775	1.332.094	1.319.823
Overtatte egedelar	0	0	0
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	124.666	108.282	137.378
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	42.155	49.347	48.715
Eigarinteressar i tilknytte selskap	0	0	0
Eigarinteressar i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle egedelar	0	0	0
Varige driftsmidler	14.389	14.638	14.911
Andre egedelar	1.324	572	380
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	7.293	6.325	6.071
Sum egedelar	1.632.025	1.606.834	1.560.715
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	160.236	160.466	160.337
Innskot frå og gjeld til kundar	1.200.536	1.161.889	1.118.089
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	49.915	74.915	74.900
Anna gjeld	5.321	4.582	3.157
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	6.827	1.931	7.107
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	678	678	392
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.423.513	1.404.461	1.363.982
Opptent eigenkapital	201.223	202.373	193.938
Udisponert overskot	7.289		2.795
Sum eigenkapital	208.512	202.373	196.733
Sum gjeld og eigenkapital	1.632.025	1.606.834	1.560.715
Vilkårsette skyldnader	35.385	42.700	64.239
Skyldnader	59.009	57.212	69.351

Tap på utlån	30.06.18	31.12.17	30.06.17
Misleghaldne lån:			
Brutto misleghaldne lån:	3.493	10.702	12.809
Netto misleghaldne lån:	1.538	7.702	12.673
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	8.979	11.674	16.354
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	4.804	7.336	11.549
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskrivning på individuelle utlån og garantiar	-1.657	5.242	2.882
+ Periodens endring i nedskrivning på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	0	577	59
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	208	311	311
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	0	-33	-10
Periodens tapskostnader	-1.449	6.163	3.262

Kvartalsvis resultatutvikling	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal	2.kvartal
<i>(Tal i heile tusen)</i>	2018	2018	2017	2017	2017
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	10.997	10.808	11.158	11.222	10.969
Rentekostnader og liknande kostnader	4.044	3.971	3.803	3.756	3.722
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	6.953	6.837	7.355	7.466	7.247
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	1.924	19	0	55	2.119
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.379	2.268	2.511	2.239	1.867
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	429	427	415	470	377
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	146	87	-66	163	112
Andre driftsinntekter	52	52	51	73	34
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.588	4.490	5.379	4.473	4.811
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	124	125	154	118	119
Andre driftskostnader	1.521	1.431	1.444	2.075	2.019
Resultat før tap og skatt	4.792	2.790	2.459	2.860	4.053
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.864	-207	-2.300	-555	-3.188
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	3.579	0	0
Skatt på ordinært resultat	1.275	675	401	572	-350
Resultat av ordinær drift etter skatt	5.381	1.908	3.337	1.733	1.215

Nøkkeltal	30.06.18	31.03.18	31.12.17	30.09.17	30.06.17
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,72 %	1,72 %	1,88 %	1,89 %	1,88 %
Driftsinntekter	0,76 %	0,50 %	0,61 %	0,64 %	0,69 %
Driftskostnader	1,53 %	1,52 %	1,74 %	1,73 %	1,74 %
Resultat for rekneskapsåret	0,91 %	0,48 %	0,51 %	0,40 %	0,37 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	7,30 %	3,85 %	3,89 %	3,12 %	2,91 %
Kostnader i % av totale inntekter	61,82 %	68,42 %	69,82 %	68,48 %	67,74 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	62,56 %	69,11 %	70,44 %	69,44 %	68,59 %
Tap i % av brutto utlån	-0,12 %	0,02 %	0,45 %	0,28 %	0,24 %
Netto ansvarleg kapital	172.717	176.873	179.449	171.697	171.697
Kjernekapital	172.717	176.873	179.449	171.697	171.697
Tilleggskapital	172.717	0	0	0	0
Risikovekta balanse	799.163	811.063	826.288	807.538	800.500
Kapitaldekning i %	21,61 %	21,81 %	21,72 %	21,26 %	21,45 %
12 mnd forvaltningsvekst	4,57 %	6,98 %	6,72 %	9,82 %	12,87 %
12 mnd utlånsvekst	3,17 %	3,12 %	5,35 %	8,47 %	10,13 %
12 mnd innskuddsvekst	7,37 %	5,87 %	4,06 %	2,56 %	4,80 %
Innskudd i % av utlån	87,66 %	87,02 %	86,55 %	81,40 %	84,23 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.614.880	1.608.285	1.539.735	1.531.407	1.519.465
Antall årsverk	13,0	13,0	13,0	12,6	13,0